

Arbeidsplan 2026

DNT si visjon er *Turopplevingar for livet*. Dette ligg til grunn for IST sitt arbeid.

Indre Sunnfjord Turlag har som mål å:

- Tilby naturopplevingar i trygge rammer for alle aldersgrupper
- Auke kapasitet og kompetanse på turleiar-/aktivitetsleiarsida
 - Arbeide systematisk med rydding og merking av turruter
 - Vere synlege og tilstades i lokalmiljøet

Kategori	Tiltak	Målepunkt
1. Hyttedrift	Drift og vedlikehald av dei tre hyttene våre Massbu, Nipebu og Longevasshytta. Gjennomgå og oppdatere rutiner med nytt hyttestyre og tilsyn etter årsmøtet. Nytte DNT sine digitale løysingar for booking og betaling. Sjekke ut og ev planlegge for gapahuk på Hafstadfjellet	Longevasshytta: Tilsyn og årleg dugnad etter retningslinjer. Særleg: Følgje opp vestveggen om fortsatt lekkasje Reparere taket på uthuset Skifte utluftingskarusell på taket, for snurredoen. Skifte regulator og slange på gassflaske. Rekruttering og opplæring av nytt tilsyn. Nipebu: Prøveprosjekt med DNT-nøkkel på hytta. Tilsyn og årleg dugnad etter retningslinjer. Særleg: Utbedre pålegg etter branntilsyn, betre og større vindu på hemsen, finne ny lagerplass til gassflasker som er lagra under hytta. Sette inn større vindu på det nye soverommet. Jobbe vidare med utviding eventuell ny sikringsbu. Jobbe vidare med vatnet i springen. Massbu: Tilsyn og årleg dugnad. Kjøpe inn og montere solselle anlegg for belysning og lading for telefon. Ta mål av alle madeassane og få laga/kjøpe nye trekk på desse. Gapahuk: Endeleg vedtak om gapahuk Hafstadfjellet, samarbeidsavtaler og finansiering. Felles: Ta i bruk ny felles betalingsløyising for overnatting og proviant via min side (DNT-app som erstattar dagens etterbetaling via vipps og kontonr). Gjennomføre periodisk og årleg sikkerheitskontroll Arbeide for auka og forsvarleg bruk av hyttene Vurdere ev innspel på nye hytter.

2. Sti- og merking	Stivertordning for kontinuerleg vedlikehald av turstiane våre	Oppfølging av stivertar og kartleggingsarbeidet i 2025. Gjennomføre eit møte for stivertar og andre frivillige som ynskjer bidra i stiarbeidet.
	Rydding og merking på prioriterte DNT-ruter.	Gå gjennom mandat og stivertordning – også med omsyn til grunneigarar
	Innhald på UT.no	Gjennomføre planlagt opprustning av stien opp Kleivane i Fossevika
	Skiltprosjekt.	Bidra til ny bru på Fonn (Fonn-Gallen)
	Lokalt stimerkekurs	Nordre Heia: plan for vidare tiltak og god organisering av arbeidet.
		Rydde i kva DNT-stiar som skal behaldast og prioriterast, gi innspel til nytt calazo turkart hausten 2026.
		Støtte ev samarbeid om tilrettelegging på stien til Skaraly
		Skilting på DNT-rutene til hyttene våre
		Delta i skiltprosjekt Sjekk UT og arbeide for at fleire tek i bruk UT appen.
		6-8 deltakarar på stimerkekurs.
		Vidareføre kontinuerleg arbeid for turskildringar og turmål av god kvalitet på UT.no. Leggje inn informasjon om sporlaus ferdsel og villrein der relevant.
3. Aktivitetar	Fellesturar	Gjennomføre 20-30 varierte helgeturar som ikkje fell inn under ei organisert undergruppe. Tilbod om noko lågterskel opplæring i friluftsliv.
	Tilby turar og aktivitetar til alle aldersgrupper gjennom heile året.	
	Tysdagsturar	Tysdagstur i Sunnfjord kvar veke f.o.m mars til november 15 Tysdagsturar i Askvoll
	Natur & Kultur	Samarbeid med Førde historielag, m.fl. om 6-8 ettermiddagsturar.
	Bre- og Fjellsport	Dokumentere rutiner for vedlikehald av utstyr. Gjennomgang og sikkerheitskontroll av bre- og klatreutstyr. Arrangere lokal skredkveld. 5-10 Fjellsportaktivitetar
	FTU	Samarbeid med NFU Sunnfjord om 6-10 friluftsliv tilrettelagt -arrangement.
	U40	Samarbeid med Sunnfjord U40 om 2-4 arrangement for Unge Vaksne
	DNT ung	Tilbod om opptur til alle 11 skulane i vårt dekningsområde. Friluftsskule i Askvoll. DNT ung Sunnfjord, 2-5 aktivitetar. Mellom anna surfecamp i Hoddevik.

	Barnas Turlag	Kom Deg Ut-dag vinter og haust i alle BT-lag. Turbotrim i Fjaler og Førde. 20-30 arrangement gratis og ope for alle Rekruttering av frivillige
	Kurs- og kompetanseheving for frivillige turleiarar	2-5 deltakarar på grunnleggjande turleiarkurs 5-8 deltakarar på aktivitetsleiarkurs 5-8 deltakarar nærturleiarkurs 2-4 deltakarar sommarturleiarkurs 2-4 deltakarar NF 16-timar førstehjelp. 6-8 deltakarar NF dagskurs førstehjelp. 2-4 deltakarar på vinterturleiarkurs
	Titur Dalfjorden & TiTur Sunnfjord	F.o.m. april/mai t.o.m. oktober 2025.
	Utlån av utstyr og kanoar	Tilby DNT-medlemmer gratis lån av kanoar og breutstyr.
4. Organisasjon	Vedtekter Namn	Utarbeide og vedta nye vedtekter basert på DNT sine modellvedtekter for lokallag. Ta opp spørsmålet om ev namneskifte for laget.
	Ta i bruk frivilligsystemet og DNT trygg som dokumentasjon og oppfølgingsverktøy	Få alle aktive frivillige og deira kompetanse registrert i nytt system. Risikovurdere dugnad og aktivitet i DNT trygg.
	Internkontroll og beredskap	Dokumentere rutinar i IST knytt til aktivitetar, utstyr, dugnad og hytter. Beredskapsøving. Sørge for at alle frivillige er kjend med rutiner for varsling.
	Medie- og kommunikasjon	Alle IST sine turar og aktivitetar skal publiserast i aktivitetskalender på heimeside. KI-koplingar til norsk friluftsliv og ev andre digitale kalendarar. Nytte SoMe (facebook og instagram) for påminning om kommande turar og aktivitetsrapport. Betalt annonsering på aktivitetskalender og hyttene våre. Auke bruk av video/reels under aktivitet. Vere synlege på stand ved minimum 2 ulike arrangement. Invitere media til å dekke 2-4 arrangement/tiltak gjennom året.
	Samarbeid og nettverkarbeid	Delta på årlege møter med kommunane og i samarbeidsforum knytt til frivillig arbeid og friluftsliv. Vidareføre samarbeid med lokale lag og organisasjonar. Delta på sentrale og regionale samlingar internt i DNT. Styrke samhald blant frivillige i IST m.a. med å arrangere frivilligfest.
	Medlemsverving	Mål om å auke til 1950 medlemmer i 2026.